


Sak FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO,  
SIRE, GNR.4, STOREDAL, GNR.6, TORPE SØNDRE, GNR.7, HAGEN, GNR.8, TORPE, GNR.9  
ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	01.03.89	Brev fra Ål kommune til U.O.	
2	16.03.89	Brev fra Riksantikvaren til Ål kommune.	
3	16.06.89	Brev fra U.O. til Ål kommune	
4	18.10.89	Brev fra Ål kommune til U.O.	
5	25.10.89	Brev fra Ola Ellingsgaard til Ål kommune	



**ÅL KOMMUNE**  
TEKNISK ETAT

TORGET 1 - 3570 ÅL  
TLF.: 067/81 011

1

OLUSAKSAMLINGEN

J.nr. 000692 03.03.89

SAKSB. *Pow* ARK.Nr.

Postnr.:  
5279/89

Arkivnr.:  
504

Dato:  
01.03.1989

## OFFENTLEGE INSTANSAR

VEDR.: **REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO.**

Teknisk hovudutval i Ål vedtok i sak 234/88 av 13.12.88, å tilrå reguleringsplan med tilhørende reguleringsføresegner for Bakken II, Torpo.

Planen omfattar fylgjande gnr./bnr.:

4/40,48, 4/103, 6/8, 7/3, 8/4, 8/36, 8/49, 8/50, 8/56, 8/62,  
9/13, 9/17, 9/25, 9/39 og 9/40.

Reguleringsplan inneheld byggeområder, trafikkområder, friområder og friluftsområder.

Planen og reguleringsføresegnene er no utlagt til 1. gongs offentlig ettersyn på teknisk etat i Ål.

Har De/Dykkar nokon merknader som kan ha betydning for planen, ta kontakt med teknisk etat, eller skriv til teknisk hovudutval i Ål innan 10. APRIL 1989.

Med helsing

*Dag Hovde*  
Dag Hovde  
avd.ing.

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for    TEKNISK HOVUDUTVAL    i møte  
den    13. DESEMBER 1988  
Av     7    medlemer var 7    til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

T.SAK 234/88

### REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO.

Saksbehandlar: Dag Hovde.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Al formannskap vedtok i sak 316/88 av 21.09.88, å godkjenne planavgrensinga for Bakken II bustadfelt i samsvar med tilråding i T.sak 143/88 og kart av 23.08.88.

Ein har utarbeida reguleringsplan og reguleringsføresegner for Bakken II.

Planforslaget inneheld: 44 nye bustadtømtar og 4 eksisterande, 2 industriområder, friområder, friluftsområder, trafikkområder og parkeringsplass.

Industriområda er noko mindre enn i soneplanen og teknisk hovudutval må ta stilling til om noko av dei tilgrensande områda/delar av skal omregulerast til inustriområdet.

Plan for vatn og avlaup vert lagt fram på møtet.

#### SAKSBEHANDLAR SI VURDERING:

Ein rår til at foreliggjande planforslag med tilhøyrande reguleringsføresegner vert godkjendte.  
planforslaget vert då utlagt til 1. gongs offentleg ettersyn og sendt offentlege instansar og berørte partar til uttale.

#### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Teknisk hovudutval i Al rår til at planforslaget datert 13.12.88, og reguleringsføresegnene datert 23.11.88, vert godkjendte.

Planforslaget og reguleringsføresegnene vert utlagt til 1. gongs offentleg ettersyn og sendt offentlege instansar og berørte partar til uttale.

T.SAK 234/88 FORTS. SIDE 2.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 13. DESEMBER 1988

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 234/88.

SIDE 2.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Teknisk hovudutval i Al rår til at planforslaget datert 13.12.88, og reguleringsføresegnene datert 23.11.88, vert godkjendt med fylgjande endringar:

- Innkøyring frå Sirevegen vert endra og lagt mellom B2 og B3 om mogeleg, evt. mellom B3 og B4.
- Gangveg langs Sirevegen vert innregulert så langt planen rekker mot Nord.

Teknisk hovudutval ber teknisk etat undersøke med NVE Vassdragsvesenet om det er laga utbetningsplan for Sireåne, og samordne reguleringsplanen med denne.

Planforslaget og reguleringsføresegnene vert utlagt til 1. gongs offentleg ettersyn og sendt offentlege instansar og berørte partar til uttale i.h.t. plan- og bygningslova § 27-1 pkt. 2.

Rett utskrift, Al den 14. desember 1988

*Laila Pedersen*

Laila Pedersen  
ktr.flm.

Utskrift går til:

- Offentlege instansar
- Berørte partar

## REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO.

DATE FOR KOMMUNESTYREVEDTAK: \_\_\_\_\_

### 0. INNLEIING.

REGULERINGSFØRESEGNENE GJELD FOR OMRÅDET INNANFOR REGULERINGS-  
GRENSA SOM VIST PÅ PLANKART FOR BAKKEN II.

#### REGULERINGSFORMÅL.

1. BYGGEOMRÅDER
2. TRAFIKKOMRÅDER
3. FRIOMRÅDER
4. SPESIALOMRÅDER.

### 1. BYGGEOMRÅDER.

#### 1.1 BUSTADER.

I BUSTADOMRÅDA KAN DET OPPFØRAST BUSTADER MED TILHØYRANDE  
BYGNINGAR (GARASJER, UTHUS ETC.)

DET KAN TILLATAST INNSLAG AV KOMMERSIELLE ELLER SOSIALE  
VERKSEMDER SOM ETTER RÅDET SITT SKJØNN IKKJE VIL VIRKE  
FORSTYRRANDE ELLER SKJEMMANDE PÅ BUMILJØET OMKRING.

BYGNINGAR KAN OPPFØRAST I MAKS. 1 HØGD, MEN LOFT KAN  
UTNYTTAST TIL ROM FOR VARIG OPPHOLD. SOKKELETASJE/KJELLAR  
KAN OG HA ROM FOR VARIG OPPHALD DER DET ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL  
SI VURDERING LIGG TIL RETTE FOR DET.

MAKS. BEBYGD GRUNNFLATE SKAL IKKJE OVERSTIGE 30 % AV  
TOMTESTØRRELSEN.

#### INDUSTRI.

A) I INDUSTRIOMRÅDA KAN DET OPPFØRAST BYGNINGER FOR INDUSTRI  
OG HÅNDVERKSBEDRIFTER MED TILHØYRANDE ANLEGG.

B) I INDUSTRIOMRÅDA VERT DET IKKJE TILLATT OPPFØRT BUSTADBYGG

C) BYGNINGAR SKAL OPPFØRAST I MAKS. 2 ETASJER.  
DERSOM DET ER NAUDSYNT FOR VERKSEMDA, KAN LIKEVEL TEKNISK  
HOVUDUTVAL TILLATE AT DEL AV BYGNING VERT BYGD HØGARE.

D) DER TILHØVA LIGG TIL RETTE FOR DET, MED OMSYN TIL ADKOMST,  
PARKERING ETC., KAN TEKNISK HOVUDUTVAL TILLATE FORRETNINGS-  
VERKSEMD SOM HAR TILKNYTTNING TIL DEN EINSKILDE BEDRIFT.

E) UTNYTTINGSGRADEN FOR INDUSTRIOMRÅDA VERT SETT TIL 60 %.

## 2. TRAFIKKOMRÅDE.

TRAFIKKOMRÅDA SKAL NYTTAST TIL KØYREVEGAR, GANG- OG SYKKEL-VEGAR SAMT AREAL TIL FRISIKTSONER O.L VED VEGKRYSS SLIK SOM VIST PÅ PLANEN.

## 3. FRIOMRÅDE.

I FRIOMRÅDA ER DET AVSATT PLESS TIL EIN LEIKEPLASS. ELLES ER FRIOMRÅDA AVSATT TIL TURVEGAR FOR Å SIKRE GOD INTERN TILGJENGE OG KONTAKT TIL OMLIGGJANDE AREAL.

## 4. SPESIALOMRÅDER.

### FRILUFTSOMRÅDE.

OMRÅDET SKAL NYTTAST SOM FRILUFTSOMRÅDE.

I DETTE OMRÅDET ER DET IKKJE TILLATT Å DRIVE VERKSEMD ELLER OPPFØRE BYGG ELLER ANLEGG SOM ETTER TEKNISK HOVUD-UTVAL SITT SKJØNN ER TIL HINDER FOR OMRÅDETS BRUK SOM FRILUFTSOMRÅDE.

## 5. ANDRE FØRESEGNER.

### 5.1 TRAFIKKAREAL

- A. STIGNINGEN PÅ VEGAR BØR IKKJE OVERSKRIDE 1:10.
- B. TERRENGINNGREP I SAMBAND MED VEGANLEGG SKAL SKJE MEST MOGELEG SKÅNSOMT. VEGSKJÆRINGAR OG FYLLINGAR SKAL BEPLANTAST ELLER BEHANDLAST PÅ EIN TILTALANDE MÅTE.
- C. ADKOMST TIL BUSTADFELTET VERT FRÅ SIREVEGEN **OG TORPOVEGEN** EIGEDOMANE SKAL HA AVKØYRSLE TIL BUSTADVEGANE ELLER TIL FELLES AVKØYRSLE.
- D. I OMRÅDA MELLOM FRISIKTLINJA OG VEGFØREMÅL, SKAL DET VERA FRI SIKT I EI HØGDE AV 0,5 METER OVER DEI TILSTØYTANDE VEGARS PLANUM. (JFR. VEGLOVAS § 31)

### 5.2. BUSETNAD.

- A. BUSTADEN SKAL UTFORMAS SOM FRITTLIGGJANDE BYGNINGAR.
- B. BYGNINGANE SKAL HA SALTAK/VALMTAK MED EIN VINKEL PÅ  $18^{\circ}$  -  $35^{\circ}$ . TAKTEKKJE SKAL HA AVDEMPA FARGE.
- C. BYGNINGANE SKAL IKKJE PLESSERAST NÆRARE FRIOMRÅDA ENN 4 METER.

- D. TEKNISK HOVUDUTVAL SKAL VED BEHANDLING AV BYGGEMELDINGAR SJÅ TIL AT BYGNINGANE FÅR EI GOD FORM OG MATERIALBEHANDLING OG AT BYGNINGAR I SAME GRUPPE ELLER BYGGEFELT FÅR EI HARMONISK UTFORMING.  
UTVENDIG FARGE SKAL GODKJENNAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL.
- E. BYGNINGAR KAN OPPFØRAST I INNTIL 1 HØGD.  
FOR BYGNINGAR I 1 1/2 ETASJE (INNREIA LOFT) KAN TEKNISK HOVUDUTVAL TILLATE UNDERETASJE I SAMSVAR MED FØRESEGNENE I BYGGEFORSKRIFTER DER TERRENGET ETTER RÅDETS SKJØNN LIGG TIL RETTE FOR DET (SOKKELETASJE).
- F. GESIMSHØGDA SKAL IKKJE OVERSTIGE 5,5 METER. HØGDE FRÅ TERRENG TIL MØNE SKAL IKKJE OVERSTIGE 8,5 METER.
- G. ENDELEG PLOSSERINGAR AV BYGNINGAR PÅ TOMTA SKAL FASTSETJAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL. MØNERETNINGEN VERT REKNA I HUSETS LENGDERETNING.
- H. GARASJER OG UTHUS KAN OPPFØRAST I 1 ETASJE MED GRUNNFLATE IKKJE OVER 40 M<sup>2</sup> OG SKAL VERA TILPASSA BUSTADHUSET M.O.T. MATERIALVAL, FORM OG FARGE.  
  
FRITTLIGGJANDE GARASJAR KAN PLOSSERAST MED EIN VEGG I NABOGRENSE INNAFOR RAMMA AV BYGGEFORSKRIFTENE. DERSOM TERRENGFORHOLDA ELLER ANDRE SÆRLEGE GRUNNAR TILSEIER DET, KAN GARASJE/UTHUS PLOSSERAST 4 METER FRÅ REGULERT VEGKANT VED UTKØYRING MOT EIGEN GARDSPLASS.
- I. PLOSSERING AV GARASJER/UTHUS SKAL VERA VIST PÅ SITUASJONSPLAN SOM FØLGJER BYGGEMELDINGA FOR BUSTADHUSET, SJØLV OM DEI IKKJE SKAL OPPFØRAST SAMSTUNDES MED DETTE  
  
I TILLEGG TIL GARASJE BØR DET PÅ KVAR TOMT VERA PARKERINGSPLASS FOR MINST TO PERSONBILAR.

### 5.3 UTNYTTING AV TOMTENE

BYGNINGENS GRUNNFLATE INKL. GARASJER, UTHUS, BODER O.L. MÅ IKKJE OVERSTIGE 30 % AV TOMTAS NETTO AREAL.

### 5.4 UBEBYGT AREAL

- A. UBEBYGD AREAL SKAL GJEVAST EI TILTALANDE BEHANDLING. EKSISTERANDE VEGETASJON OG SKOG MÅ EIN PRØVE Å BEVARE.
- B. INGA TOMT MÅ PLANTAST TIL MED TRE ELLER BUSKER SOM ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL SITT SKJØNN KAN VIRKE SKJENERANDE FOR OFFENTLEG FERDSEL.
- C. MATERIALBRUK, UTFORMING OG FARGE PÅ GJERDER, FORSTØTNINGS- MURAR, SKILT, SAMT UTVENDIG BELYSNING, MÅ GODKJENNAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL.
- D. TØRKESTATIV OLJEFAT OG SØPPELBEHALDARAR SKAL PLOSSERAST SLIK AT DEI VERT TIL MINST MOGLEG SKJENANSE FOR NABOAR.

E. DEN UBEBYGDE DEL AV TOMTA SKAL HALDAST I EIN STAND SOM SOM IKKJE VIRKAR SKJEMMANDE FOR OMGIVNADEN. EVENTUELL UTANDØRS LAGRING MÅ ANORDNAST PÅ EIN TILTALANDE MÅTE OG OM NØDVENDIG SKJÆRMST MOT INNSIKT.

F. BYGGEFRIE OMRÅDER SOM ER ANGITT PÅ PLANEN SKAL PLANERAST, TILSÅAST OG BEPLANTAST. DET MÅ HALDAST VEDLIKE SOM EIT NATUR-OMRÅDE ETTER KVART SOM OMRÅDET VERT BYGD UT AV BEBUARANE.

5.5. BRANNTRYGGE BYGNINGAR

PÅ INDUSTRIOMRÅDA KAN DET BERRE OPPFØRAST BRANNTRYGGE BYGNINGAR.

6. **FELLESFØRESEGNER.**

6.1. MINDRE VESENTLEGE UNNTAK FRA DESSE FØRESEGNENE KAN NÅR SÆRLEGE GRUNNAR TALAR FOR DET, TILLATAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL INNAFOR RAMMA AV BESTEMMELSENE I PB.-LOVA OG BYGGEFORSKRIFTENE. JFR. PB. LOVA § 28-1.

6.2. ETTER AT DENNE REGULERINGSPLANEN MED TILHØYRANDE FØRESEGNER ER STADFESTA, KAN DET IKKJE INNGÅAST PRIVATRETTSLEGE AVTALER SOM ER I STRID MED PLANEN OG FØRESEGNENE.


ÅL, DEN 13. DESEMBER 98.



Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)






2

GJENPART

RIKSANTIKVAREN

ADR.: AKERSHUS FESTNING, BYGN. 18 - OSLO MIL. - 0015 OSLO 1 - TLF. (02) 41 96 00  
Telefax 02 - 33 29 22

Ål kommune  
Teknisk etat  
Torget 1  
3570 ÅL



DERES REF.

VÅR REF. (Bes oppgitt ved svar)  
1613 P-58/89 BS/HMB

DATO  
16. mars 1989

**BAKKEN II, TORPO  
REGULERINGSPLAN**

Vi viser til oversendelse av ovennevnte reguleringsplan.

Ifølge brev fra Miljøverndepartementet av 4. mars 1987 er fylkeskommunen ved fylkeskonservatoren, som en midlertidig ordning, gitt innsigelsesrett som statlig myndighet i reguleringsplanleggingen når det gjelder forholdet til kulturminner fra nyere tid. Buskerud fylkeskommune/fylkeskonservatoren i Buskerud er tilsluttet ordningen.

Vi ber derfor om at saken blir forelagt fylkeskonservatoren for slik behandling som fylkeskonservatoren finner påkrevet.

Universitetets Oldsaksamling må på sin side gis anledning til å avklare forholdet til eventuelle kulturminner fra tiden før 1537 (fornminner).

Dersom det ved fylkeskonservatorens og kommunens arbeid med saken viser seg at planen berører fredede kulturminner innen Riksantikvarens ansvarsområde på en slik måte at det ikke kan aksepteres, eller det blir reist fredningssak, forutsetts det at saken formelt avklares med Riksantikvaren. Vi ber om at de nødvendige fagvurderinger og problemstillinger er klarlagt forut for slik eventuell oversendelse til Riksantikvaren.

For Riksantikvaren

*Bente Magnus*  
for Bente Magnus  
underdirektør

*Berit Skjevling*  
for Berit Skjevling

Saksbehandler: Berit Skjevling, antikvar

Gjenpart: - Fylkeskonservatoren i Buskerud  
- Universitetets Oldsaksamling

# UNIVERSITETET I OSLO

3

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Ål kommune,  
Teknisk etat,  
Torget 1,  
3570 Ål.

KOPI

OSLO, 16. juni 1989.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.

5279/89 504

VAR REF. (BES OPPGITT VED SVAR)

692/89 og 913/89 PON/mh

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO  
SIRE, GNR. 4, STORDAL, GNR. 6, TORPE SØNDRE, GNR. 7,  
HAGEN, GNR. 8, TORPE, GNR. 9, ÅL KOMMUNE, BUSKERUD

Vi viser til Deres forsendelse av 1. mars og til Riks-  
antikvarens brev av 16. mars 1989.


Universitetets Oldsaksamlingen foretok en arkeologisk  
registrering i planområdet den 15. juni 1989. Det ble  
ikke funnet fornminner. Vi har derfor ingen merknader  
til planforslaget.

Det har ikke vært mulig å skaffe opplysninger om nøyaktig  
funnsted for jernøkser. Vi vet bare at det er funnet  
innenfor planområdet.

Skulle det oppdages fornminner ved tiltak i marken i  
planområdet, skal arbeidet stanses i den utstrekning det  
kan berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem  
meter. Melding skal straks sendes Universitetets Oldsak-  
samling, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 8.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker



TORGET 1 - 3570 ÅL  
TLF.: 067/81 011

Postnr.:  
6320/89

Arkivnr.:  
504

Dato:  
18.10.1989

OFFENTLEGE INSTANSAR

GRUNNEIGARAR OG BERØRTE PARTAR

3330 23  
PON

VEDR.: REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO.

Teknisk hovudutval i Ål vedtok i sak 182/89 av 17.10.89, å tilrå reguleringsplan for Bakken II, Torpo.

Planen omfattar fylgjande gnr./bnr.

4/40,48, 4/103, 6/8, 7/3, 8/4, 8/36, 8/49, 8/50, 8/56, 8/62,  
9/13, 9/17, 9/25, 9/39 og 9/40.

Reguleringsplanen inneheld byggeområder, trafikkområder, friområder og spesialområder.

Planen og reguleringsføresegnene er no utlagt til 2. gongs offentleg ettersyn på teknisk etat i Ål.

Har De nokon merknad som kan ha betydning for planen, ta kontakt med teknisk etat, eller skriv til teknisk hovudutval i Ål innan 27. NOVEMBER 1989. Høyrer vi ikkje noko innan denne dato, anser vi planen som godteke.

Med helsing

*Dag Hovde*  
Dag Hovde  
avd.ing

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. oktober 1989

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

T.SAK 182/89

### REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO. 2. gongs behandling.

=====

Saksbehandlar: Dag Hovde

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Teknisk hovudutval behandla planen sist 20.09.88, sak 168/89.  
Saka vart da utsatt for nærare avklaring av ein del merknader.

Fylgjande merknader/uttaler er kome inn:

1. HOVEDUTVALET FOR KULTUR, BREV AV 08.03.89.

- Har oversendt planen til Nils Noss og Ola Ellingsgard for å få deira vurdering med tanke på fortidsminner i området.
- Nils Ove Noss har fått fullmakt til å sjå nærare på planen.

2. ÅL HELSE- OG SOSIALUTVAL, BREV AV 16.03.89.

- Det må byggjast trafikksikker adkomst i form av gangveg frå Torpo Sentrum langs Sirevegen og Torpovegen til dei to bustadområda.
- Ein er skeptisk til samanblanding av bustadområde og Industriområde.
- Til reguleringsføreseggen tilrår dei fylgjande nytt punkt 1.1. f, Det vert ikkje tillate verksemder som kan føra til ulempe i form av støy eller forureining.
- Det planlagte flaumsikringsarbeidet av Sireåne må kombinerast med ei generell sikring av elva mot ulykker.  
Leikeplassen mellom B3 og B4 må fjernast eller flyttast til andre sida av vegen.
- Det bør sikrast trafikkfri kommunikasjon mellom dei to bustadfelt.

3. RIKSANTIKVAREN, BREV AV 16.03.89.

- Ber om at saka vert forelagt fylkeskonservatoren for behandling.

4. ADVOKATFIRMA ROLF B. NYBAKK, PÅ VEGNE AV INGVAR HAUGEN, OVE BRÅTEN OG  
ASTRID/TERJE TEIGEN SAMT TORPO IDRETTSLAG V/KARI HAUGO, BREV AV 01.04.89.

- Den nordre grensa for regulringsfeltet øst for Sireåne bør flyttast lenger nord, slik at heile lysløypa vert liggande innafor reguleringsgrensa.  
Arealet mellom løypene er så lite at det ikkje kan nyttast til noko fornuftig av grunneigar.
- Lysløypetraseen vert noko kortare etter planforslaget, som kompensasjon for Idrettslaget bør løypetraseen utvidast austover, slik at løypa ikkje blir redusert.
- Den planlagte vegen på norsida av B 8 vert til stor sjenanse for Teigens tomt, ber om at vegen vert justert.

T.SAK 182/89 FORTS. SIDE 2.

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for    TEKNISK HOVUDUTVAL    i møte

den    17. oktober 1989

Av     7    medlemer var   7    til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 182/89.

SIDE 2.

5. TORE LARSEN, BREV AV 05.04.89.

- Ynskjer å få behalde vassbrønn som ligg 1 m frå bustadhuset, og vassledning med varmekabel frå brønn ved sireelva som vert nytta til vatning.
- Ber om at garasje ved gangvegen kan få stå.
- Flytte 2 tomter, B2 bytte med lekeplass F2.

6. BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, BREV AV 05.04.89.

- Frarår at friområdet F1 vert regulert til leikeplass då det går ei høgspente-line over dette området.
- Det bør regulerast byggegrense langs fylkesvegen Fv 241 i samråd med Vegsjefen.
- Mellom B2 og B3 bør byggegrensa knekkast-
- I industriområda bør det regulerast parkbelte/skjermbelte mot tilgrensande boligtomter og friområder og også mot Torpovegen.
- I reguleringsføresegnene bør det fastsettast at desse areala skal opparbeidast parkmessig og at dei ikkje kan tillatast utandørs lagring.
- I reguleringsføresegnene kan punkt 5.2 og 5.3. settast under punkt 1.1., punkt 5.4. kan settast under punkt 6, og punkt 5.1 kan samlast under punkt 2. Plan- og næringskontoret set seg ikkje imot at kommunestyret vedtek reguleringsplanen.

7. OVE BRÅTEN, IVAR BRÅTEN OG TERJE TEIGEN, BREV AV 07.04.89.

- Dei har alle tre vannforsyning fra grunnboringer som er foretatt i løpet av dei siste 10 åra. Dei vil i framtida fortsatt ha rett til å benytte dei eksisterande vannkildene
- Kommunen må ta ansvaret for å rette eventuell forurensning eller annen ødeleggelse av av desse vannkildene, uten omkostninger for grunneigarane.

8. BAKKEN VELFORENING, BREV AV 09.04.89.

- Gang/sykkelveg i området Bakkken I og II, barneskolen, barnehagen, Bakketun idrettsplass, bussholdeplass i Tretterudkrysset m.v., må ordnast før vidare boligutbygging skjer i Bakken II.

9. HALLINGDAL KRAFTLAG, BREV AV 10.04.89.

- For å få til straumforsyning til bustadfeltet må det setjast av plass til transformator kioskar ved F2 og F4 evt. mellom B10 og B12. Området B6, B5, B7, B8 og I1 kan forsynast ved eksisterande transformator ved avkjørselen til bustadfeltet frå Torpomoen.

10. LANDBRUKSNEMNDA I ÅL, BREV AV 12.04.89.

- Landbruksnemnda vil peike på at det må finnast ei løysing slik at uttransport av skogsvirke ikkje blir gjort vanskeleg for arealet aust for Sireåne og nord for for felta B5 og F3.

T.SAK 182/89 FORTS. SIDE 3.

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for     TEKNISK HOVUDUTVAL     i møte

den     17. oktober 1989

Av     7   medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 182/89.

SIDE 3.

11. HELSE- OG SOSIALUTVALET I ÅL, BREV AV 12.04.89.

- Det må byggjast trafikksikker adkomst i form av gangveg frå Torpo setrum langs Sirevegen og Torpovegen til dei to bustadområda.
- Er skeptisk til samanblanding av bustadområde og industriområde.
- Trafikk til industriområde må ikkje gå gjennom bustadområde.
- Til reguleringsføresegnene tilrår dei fylgjande nytt punkt 1.1.F: Det vert ikkje tillate verksemder som kan føra til ulempe i form av støy eller forureining.
- Det planlagte flaumsikringsarbeidet av Sireåne må kombinerast med ei generell sikring av elva mot ulukker.
- Leikeplassen som er lagt ut mot Sireåne mellom felt B3 og B4 må fjernast eller flyttast til andre sida av vegen.
- Det bør sikkrast trafikkfri kommunikasjon mellom dei to bustadfelt.

13. NILS NOSS OG OLA ELLINGSGARD, BREV AV 21.03.89.

- Dei gjer merksam på at det ved bensinstasjonen, der Industriområde I1 er planlagt, vart det gjort eit rikt oldfunn under vegutvidinga i 1940.
- Eit depo med 9 jarnøksar frå vikingtid/mellomalderen kom for ein dag. Det ser ut som det også tidlegare har vore eit industriområde, med jernproduksjon og smie.
- Lokaliteten er registrert av Hallingdalsprosjektet, men ikkje undersøkt av arkeologar.
- Staden må sjåast på som automatisk freda, etter fornminnelova.

14. FYLKESLANDBRUKSSTYRET I BUSKERUD, BREV AV 26.04.89.

Som landbruksnemnda i Ål.

15. TERJE TEIGEN, BREV AV 01.05.89.

- Forlanger at den planlagte vegen som går over tomta vert flytta lenger mot nord ved huset.

16. KARI HAUGO, FORMANN I TORPO IDRETTSLAG, BREV AV 30.05.89.

- Idrettslaget eig arealet gnr.4 bnr.132, ca. 2 daa.
- Det har vore eit prinsipp Ål kommune at kommuna syrgjer for grunn og idrettslaga byggjer ut anlegga.
- For å få eit greiast mogleg grunneigar-forhold på idrettsanlegget synest idrettslaget det no hadde vore naturleg at kommuna løyser inn dette arealet.

T.SAK 182/89 FORTS. SIDE 4.

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. oktober 1989

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 182/89.

SIDE 4.

17. STATENS VEGVESEN I BUSKERUD, BREV AV 13.06.89.

- Plangrensa må leggjast til senterlinje for Torpovegen og planen må også utvidast til å omfatte nødvendig jusreing av Sirevegen.
- Minst 3,0 m frå eksisterande vegkant må regulerast til vegformål. Nødvendige vegskråningar for fylkesvegen og gangvegen må også vere vegformål.
- I kryssa med fylkesvegen skal byggegrensene knekkast 40 x 40 m, og planen manglar byggegrense langs Sirevegen.
- Direkte avkøring til Fv. 241 frå B8 kreves stengt samstundes med at nytt kryss for boligområdet vert opparbeidd.
- Krever adkomst til B11 og I2 blir samla i ei avkøyring.

Andre forutsetninger:

- Kostnader til eventuell støyskjerming av nye bustader er Vegvesnet uvedkommand.
- Kryss og avkøyringar til fylkesvegen kreves opparbeidd i samsvar med vegnormal.
- Eventuell reduksjon av byggegrensene langs fylkesvegen kreves løyve frå vegvesene.

Planfaglege råd:

- Planen manglar frisiktsoner i interne vegkryss.
- I kryss og skarpe svingar bør det vere vesentleg mindre stigning enn 1:10.
- Bustadfelta bør ikkje byggast ut før det er trafikksikre skulevegar til områdene. Gangveg langs Sirevegen er ikkje lenger prioritert av kommunen, og det er heller ikkje midler frå fylket til gangvegen langs fylkesvegen her.

Planen kan ikkje eigengodkjennast av kommunen, slik den nå ligg føre.

18. UNIVERSITETE I OSLO OLSAKSAMLINGA, BREV AV 16.06.89.

- Universitetets Oldsaksamling foretok ein arkeologisk registrering i planområdet den 15. juni 1989. Det vart ikkje funne fortidsminner. Dei har derfor ingen merknader til planen.
- Vert det oppdaga fornminner ved tiltak i marka i planområdet, skal arbeidet stansast i den utstrekning i den utstrekning det kan berøre fornminner eller deiras sikringssoner på fem meter. Melding skal straks sendas Univ. Oldsaksamling., jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 8.

T.SAK 182/89 FORTS. SIDE 5.



## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for    TEKNISK HOVUDUTVAL    i møte

den    17. oktober 1989

Av     7    medlemer var 7    til stades (møtande varamedlemer medrekna).

-----

FORTS. T.SAK 182/89.

SIDE 5.

### SAKSHBEHANDLAR SI VURDERING:

Etter gjennomgåing av merknader/uttaler har ein fylgjande kommentarar og forslag til justering av det foreliggende planutkast:

Merknader som går på erstatningsansvar, garantier o.l er teknisk hovudutval uvedkommande og vert ikkje teke inn i handsaminga anna enni referatsform. Merknader som ikkje vert kommenterte nedanfor reknar ein med ikkje vert etterkome.

- Frå vegen mellom B3 og forbi B6 rår ein til at det vert regulert inn ein stig.
- Den planlagte vegen på nordsida av B8 vert til stor sjenanse for Teigen si tomt, ein rår til at denne vert flytta lenger mot nord. Dette medfører at ei tomt i B7 må gå ut.
- F2 rår ein til at vert bytta om med 2 tomter i B2.
- Melleom B12 og I2 bør det innregulerast eit skjermbelte på 5 meter.
- Det bør også regulerast inn ei busslomme, og ein rår til at denne vert plassert ved F1.
- Planavgrensinga må justerast til senterlinje av Torpovegen og Sirevegen, og minst 3 meter frå eksisterande vegkant vert justert til vegføremål.
- I kryssa med fylkesvegen bør byggegransa knekkast 40 x 40 meter.
- Transformatorane rår ein til vert plasert på F2 og F4.
- Det bør regulerast inn byggegrense langs Sirevegen.

I møte 20.09.89, vart sak 168/89 utsatt for nærare avklaring av merknader frå Buskerud fylkeskommune, Ål helse- og sosialutval og Ål landbruksnemnd. Og ein har fylgjande kommentarar:

- Merknadene til reguleringsføresegnene frå Buskerud fylkeskommune går på å justering/flytting av enkelte punkt, det er ingenting i vegen for å justere desse.
- Ein er samd med Ål helse- og sosialutvalet vedr. reguleringsføresegnene at ein tek inn fylgjande nytt punkt 1.1.F: Det vert ikkje tillate verksemder som kan føra til ulempe i form av støy eller forureining.
- Leikeplassen mellom B3 og B4 kan sikrast med gjerde, eller plassen kan gå ut.

T.SAK 182/89 FORTS. SIDE 6.

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. oktober 1989

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 182/89.

SIDE 6.

- Uttransport av tømmer kan foregå gjennom friområda. Om ynskjeleg kan det vel også opparbeidas veg for tømmerbil på friområdet mellom B5 og B9. Da kan ein anlegge velteplass for tømmer utanfor reguleringsplanen. Ein rår med dette til at det vert teke inn i reguleringsføresegnene for friområdeunkt fylgjanede: Friområda kan nyttast til uttransport av tømmer. Friområdet mellom B5 og B9 kan det opparbeidas veg for tømmerbil.

Ein rår til at fylgjande merknader vert innarbeida i planen og at planen vert senda ut til ny høyring.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alle merknader/uttaler vart referert på møtet.

Teknisk hovudutval rår til at planforslaget av 20.09.89, med tilhøyrande reguleringsføresegner vert godkjent med fylgjande endringar:

- Frå vegen mellom B3 og forbi B6 vert det innregulert ein stig.
- Den planlagte vegen på nordsida av B8 vert flytta lenger mot nord.
- F2 vert bytta om med 2 tomter i B2.
- Melleom B12 og I2 vert det innregulert eit skjermbelte på 5 meter.
- Det vert regulert inn ei busslomme ved F1
- Planavgrensinga vert justert til senterlinje av Torpovegen og Sirevegen, og minst 3 meter frå eksisterande vegkant vert justert til vegføremål.
- Transformatorane vert plassert på F2 og F4.
- I kryssa med fylkesvegen vert byggegrensene knekket 40 x40 meter
- Det vert regulert inn byggegrenser langs Sirevegen.
- I reguleringsføresegnene for industriområde vert det teke inn fylgjande nytt punkt 1.1.F: Det vert ikkje tillate verksemder som kan føra til ulemper i form av støy eller forureining.
- I reguleringsføresegnene for friområde vert det teke inn fylgjande: Friområda kan nyttast til uttransport av tømmer. Friområdet mellom B5 og B9 kan det opparbeidas veg for tømmerbil.

Endringane er å ansjå som vesentlege. Planen vert utlagt til 2. gongs offentleg ettersyn og sendt offentlege og berørte partar til ny uttale.

# UTSKRIFT AV MØTEBOK

for TEKNISK HOVUDUTVAL i møte

den 17. oktober 1989

Av 7 medlemmer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

-----  
FORTS. T.SAK 182/89.

SIDE 7.

## SAMRØYSTES VEDTAK:

Framlegget frå sakshandsamar vert godkent med fylgjande tillegg:

Det er avgjerande for sikker skoleveg for barn frå reguleringsområdet at det vert opparbeida gangveg langs Sirevægen frå Tretterudkrysset til bru over Sireåne.

Rett utskrift:

Ål 17. oktob 1989

*Dag Hovde*  
Dag Hovde  
avd.ing

Utskrift til:

Berørte på og offentlege instansar.

# REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR BAKKEN II, TORPO.

=====

DATO FOR KOMMUNESTYREVEDTAK: \_\_\_\_\_

## 0. INNLEIING.

REGULERINGSFØRESEGNENE GJELD FOR OMRÅDET INNANFOR REGULERINGS-  
GRENSA SOM VIST PÅ PLANKART FOR BAKKEN II.

### REGULERINGSFORMÅL.

1. BYGGEOMRÅDER
2. TRAFIKKOMRÅDER
3. FRIOMRÅDER
4. SPESIALOMRÅDER.

## 1. BYGGEOMRÅDER.

### 1.1 BUSTADER.

I BUSTADOMRÅDA KAN DET OPPFØRAST BUSTADER MED TILHØYRANDE  
BYGNINGAR (GARASJER, UTHUS ETC.)  
DET KAN TILLATAST INNSLAG AV KOMMERSIELLE ELLER SOSIALE  
VERKSEMDER SOM ETTER RÅDET SITT SKJØNN IKKJE VIL VIRKE  
FORSTYRRANDE ELLER SKJEMMANDE PÅ BUMILJØET OMKRING.

BYGNINGAR KAN OPPFØRAST I MAKS. 1 HØGD, MEN LOFT KAN  
UTNYTTAST TIL ROM FOR VARIG OPPHOLD. SØKKELETASJE/KJELLAR  
KAN OG HA ROM FOR VARIG OPPHALD DER DET ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL  
SI VURDERING LIGG TIL RETTE FOR DET.  
MAKS. BEBYGD GRUNNFLATE SKAL IKKJE OVERSTIGE 30 % AV  
TOMTESTØRRELSEN.

### INDUSTRI.

- A) I INDUSTRIOMRÅDA KAN DET OPPFØRAST BYGNINGER FOR INDUSTRI  
OG HÅNDVERKSBEDRIFTER MED TILHØYRANDE ANLEGG.
- B) I INDUSTRIOMRÅDA VERT DET IKKJE TILLATT OPPFØRT BUSTADBYGG
- C) BYGNINGAR SKAL OPPFØRAST I MAKS. 2 ETASJER.  
DERSOM DET ER NAUDSYNT FOR VERKSEMDA, KAN LIKEVEL TEKNISK  
HOVUDUTVAL TILLATE AT DEL AV BYGNING VERT BYGD HØGARE.
- D) DER TILHØVA LIGG TIL RETTE FOR DET, MED OMSYN TIL ADKOMST,  
PARKERING ETC., KAN TEKNISK HOVUDUTVAL TILLATE FORRETNINGS-  
VERKSEMD SOM HAR TILKNYTNING TIL DEN EINSKILDE BEDRIFT.
- E) UTNYTTINGSGRADEN FOR INDUSTRIOMRÅDA VERT SETT TIL 60 %.
- F) DET VERT IKKJE TILLATE VERKSEMDER SOM KAN FØRA TIL ULEMPER  
I FORM AV STØY ELLER FORUREINING.

2. TRAFIKKOMRADE.

TRAFIKKOMRÅDA SKAL NYTTAST TIL KØYREVEGAR, GANG- OG SYKKEL-VEGAR SAMT AREAL TIL FRISIKTSONER O.L VED VEGKRYSS SLIK SOM VIST PÅ PLANEN.

3. FRIOMRADE.

I FRIOMRÅDA ER DET AVSATT PLESS TIL EIN LEIKEPLASS. ELLES ER FRIOMRÅDA AVSATT TIL TURVEGAR FOR Å SIKRE GOD INTERN TILGJENGE OG KONTAKT TIL OMLIGGJANDE AREAL.

FRIOMRÅDA KAN NYTTAST TIL UTTRANSPORT AV TØMMER. FRIOMRÅDET MELLOM B5 OG B9 KAN DET OPPARBEIDAS VEG FOR TØMMERBIL.

4. SPESIALOMRADER.

FRILUFTSOMRÅDE.

OMRÅDET SKAL NYTTAST SOM FRILUFTSOMRÅDE.

I DETTE OMRÅDET ER DET IKKJE TILLATT Å DRIVE VERKSEMD ELLER OPPFØRE BYGG ELLER ANLEGG SOM ETTER TEKNISK HOVUD-UTVAL SITT SKJØNN ER TIL HINDER FOR OMRÅDETS BRUK SOM FRILUFTSOMRÅDE.

5. ANDRE FØRESEGNER.

5.1 TRAFIKKAREAL

A. STIGNINGEN PÅ VEGAR BØR IKKJE OVERSKRIDE 1:10.

B. TERRENGINNGREP I SAMBAND MED VEGANLEGG SKAL SKJE MEST MOGELEG SKÅNSOMT. VEGSKJÆRINGAR OG FYLLINGAR SKAL BEPLANTAST ELLER BEHANDLAST PÅ EIN TILTALANDE MÅTE.

C. ADKOMST TIL BUSTADFELTET VERT FRÅ SIREVEGEN. EIGEDOMANE SKAL HA AVKØYRSLE TIL BUSTADVEGANE ELLER TIL FELLES AVKØYRSLE.

D. I OMRÅDA MELLOM FRISIKTLINJA OG VEGFØREMÅL, SKAL DET VERA FRI SIKT I EI HØGDE AV 0,5 METER OVER DEI TILSTØYTANDE VEGARS PLANUM. (JFR. VEGLOVAS § 31)

5.2. BUSETNAD.

A. BUSTADEN SKAL UTFORMAS SOM FRITTLIGGJANDE BYGNINGAR.

B. BYGNINGANE SKAL HA SALTAK/VALMTAK MED EIN VINKEL PÅ 18° - 35°. TAKTEKKJE SKAL HA AVDEMPA FARGE.

C. BYGNINGANE SKAL IKKJE PLESSERAST NÆRARE FRIOMRÅDA ENN 4 METER.

- D. TEKNISK HOVUDUTVAL SKAL VED BEHANDLING AV BYGGEMELDINGAR SJÅ TIL AT BYGNINGANE FÅR EI GOD FORM OG MATERIALBEHANDLING OG AT BYGNINGAR I SAME GRUPPE ELLER BYGGEFELT FÅR EI HARMONISK UTFORMING.  
UTVENDIG FARGE SKAL GODKJENNA AV TEKNISK HOVUDUTVAL.
- E. BYGNINGAR KAN OPPFØRAST I INNTIL 1 HØGD.  
FOR BYGNINGAR I 1 1/2 ETASJE (INNREIA LOFT) KAN TEKNISK HOVUDUTVAL TILLATE UNDERETASJE I SAMSVAR MED FØRESEGNENE I BYGGEFORSKRIFTER DER TERRENGET ETTER RÅDETS SKJØNN LIGG TIL RETTE FOR DET (SØKKELETASJE).
- F. GESIMSHØGDA SKAL IKKJE OVERSTIGE 5,5 METER. HØGDE FRÅ TERRENG TIL MØNE SKAL IKKJE OVERSTIGE 8,5 METER.
- G. ENDELEG PLASSERINGAR AV BYGNINGAR PÅ TOMTA SKAL FASTSETJAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL. MØNERETNINGEN VERT REKNA I HUSETS LENGDERETNING.
- H. GARASJER OG UTHUS KAN OPPFØRAST I 1 ETASJE MED GRUNNFLATE IKKJE OVER 50 M<sup>2</sup> OG SKAL VERA TILPASSA BUSTADHUSET M.O.T. MATERIALVAL, FORM OG FARGE.

FRITTLIGGJANDE GARASJAR KAN PLASSERAST MED EIN VEGG I NABOGRENSE INNAFOR RAMMA AV BYGGEFORSKRIFTENE. DERSOM TERRENGFORHOLDA ELLER ANDRE SÆRLEGE GRUNNAR TILSEIER DET, KAN GARASJE/UTHUS PLASSERAST 4 METER FRÅ REGULERT VEGKANT VED UTKØYRING MOT EIGEN GARDSPLASS.

- I. PLASSERING AV GARASJER/UTHUS SKAL VERA VIST PÅ SITUASJONSPLAN SOM FØLGJER BYGGEMELDINGA FOR BUSTADHUSET, SJØLV OM DEI IKKJE SKAL OPPFØRAST SAMSTUNDES MED DETTE

I TILLEGG TIL GARASJE BØR DET PÅ KVAR TOMT VERA PARKERINGSPLASS FOR MINST TO PERSONBILAR.

### 5.3 UTNYTTING AV TOMTENE

BYGNINGENS GRUNNFLATE INKL. GARASJER, UTHUS, BODER O.L. MÅ IKKJE OVERSTIGE 30 % AV TOMTAS NETTO AREAL.

### 5.4 UBEBYGT AREAL

- A. UBEBYGD AREAL SKAL GJEVAST EI TILTALANDE BEHANDLING. EKSISTERANDE VEGETASJON OG SKOG MÅ EIN PRØVE Å BEVARE.
- B. INGA TOMT MÅ PLANTAST TIL MED TRE ELLER BUSKER SOM ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL SITT SKJØNN KAN VIRKE SKJENERANDE FOR OFFENTLEG FERDSEL.
- C. MATERIALBRUK, UTFORMING OG FARGE PÅ GJERDER, FORSTØTNINGS- MURAR, SKILT, SAMT UTVENDIG BELYSNING, MÅ GODKJENNA AV TEKNISK HOVUDUTVAL.
- D. TØRKESTATIV OLJEFAT OG SØPPELBEHALDARAR SKAL PLASSERAST SLIK AT DEI VERT TIL MINST MOGLEG SKJENANSE FOR NABOAR.

E. DEN UBEBYGDE DEL AV TOMTA SKAL HALDAST I EIN STAND SOM SOM IKKJE VIRKAR SKJEMMANDE FOR OMGIVNADEN. EVENTUELL UTANDØRS LAGRING MÅ ANORDNAST PÅ EIN TILTALANDE MÅTE OG OM NØDVENDIG SKJÆRMAST MØT INNSIKT.

F. BYGGEFRIE OMRÅDER SOM ER ANGITT PÅ PLANEN SKAL PLANERAST, TILSÅAST OG BEPLANTAST. DET MÅ HALDAST VEDLIKE SOM EIT NATUR-OMRÅDE ETTER KVART SOM OMRÅDET VERT BYGD UT AV BEBUARANE.

5.5. BRANNTRYGGE BYGNINGAR

PÅ INDUSTRIOMRÅDA KAN DET BERRE OPPFØRAST BRANNTRYGGE BYGNINGAR.

**6. FELLESFØRESEGNER.**

6.1. MINDRE VESENTLEGE UNNTAK FRA DESSE FØRESEGNENE KAN NÅR SÆRLEGE GRUNNAR TALAR FOR DET, TILLATAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL INNAFOR RAMMA AV BESTEMMELSENE I PB.-LOVA OG BYGGEFORSKRIFTENE. JFR. PB. LOVA § 28-1.


6.2. ETTER AT DENNE REGULERINGSPLANEN MED TILHØYRANDE FØRESEGNER ER STADFESTA, KAN DET IKKJE INNGÅAST PRIVATRETTSLEGE AVTALER SOM ER I STRID MED PLANEN OG FØRESEGNENE.

ÅL, DEN 17. OKTOBER 1989.

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



- INDUSTRIOMRÅDE
- ...
- 2. LANDBRUKSOMRÅDE
  - JORDBRUK/SKOGBRUK
- 3. TRAFIKKOMRÅDER:
  - KØYREVEG
  - GANGVEG/FORTAU
  - FELLES AVKØYRING/PARKERING
  - P
- 4. FRIOMRÅDER:
  - PARK, TURVEG, LEIK
  - S SANDLEIKEPLASS
- 5. FAREOMRÅDE:
  -
- 6. SPESIALOMRÅDER
  - KRAFTVERKSOMRÅDE
  - FRILUFTSOMRÅDE

- BYGGEGRENSE
- TOMTEGRENSE
- FRI SIKTLINJE
- SENTERLINJE REGULERT VEG
- LYSLØYPE
- STIG

VATN

M= 1:1000

PRIVAT REGULERINGSPLAN/ENDRING FOR	KOMMUNE
<b>BAKKEN, TORPO</b>	<b>ÅL</b>
HANDSAMING:	DATO:
PLANENS BEGRENSING VEDTAK AV T.H. SAK 143/88.	23.8.88
	13.12.88
JUSTERT AV TH T-SAK 182/89	17.10.89



Kopi til  
Universitetets  
Oldsaksamling

3404 27. OKT.  
POIV

Ål Kulturkontor.

På førespurnad vedkomande fornminner i reguleringsfeltet  
Bakken i Torpo, kan eg opplyse:

I den delen som på kartet er merka I 1, ved bensinstasjonen,  
vart det i si tid gjort eit funn av 9 jarnøksar frå vikinge-  
tid - tidleg mellomalder.

Staden er registrert for Hallingdalsprosjektet under Å. 80.  
Sjølve funnstaden er utsletta ved veg- og bygningsarbeider,  
men det er opplyst om store slagghforekomster på flata aust-  
over frå bensinstasjonen.

I skogen NA for bensinstasjonen er det ei flate på ein terrasse  
der det syner etter menneskelege aktivitetar, mogeleg dyrking.

Dette burde undersøkast før eventuelt arbeid blir sett i verk.  
Særleg på den bakgrunn at det tydeleg har vore ei "bedrift"  
frå førhistorisk tid der på staden.

Ål 25. okt. 1989.

Ola Ellingsgard.